

Hans H Urdahl
6872 LUSTER

Gøril Elsebé Urdahl
6872 LUSTER

Olga Ellingseth
6872 LUSTER

20.6.06

TINFOS AS
v/ Direktør Tor Syverud
O H Holtasgate 21
3678 NOTODDEN

VASSRETTE TIL GARDANE PÅ SAUDE I RØSETELVA (HARASTØLEN)

Me viser til tidlegare korrespondanse med Harastølen AS vedrørande vår vassrett i Røsetelva.

Me er kjende med at TINFOS AS har overteke kraftproduksjonen i Røsetelva, og er glad for at men no har ei konkret bedrift å forhalda oss til når det gjeld vår rett i elva.

I møte med Luster kommune den 2.5.06 opplyste De at De kjende til at det fanst gamle vassrettar i Røsetelva, og at De alltid tok omsyn til slike rettar ved kraftutbyggingar.

Etter at det vart bygd minikraftverk i Røsetelva har elva vore tørrlagd nedanfor demningen på Røsete store deler av sommaren og tidleg haust. Me kan naturleg nok ikkje godta at vassinntaket vårt er tørt.

Me ber no om ei orientering om kva De har tenkt å gjera med vår vassrett i Røsetelva.

Med helsing



for grunneigarane
Hans H Urdahl

Harastølen AS

Org.nr. NO 880 932 942 MVA

6872 Luster

v/styrets formann Tor Syverud
O H Holtasgate 21
3678 Notodden

Telefon 35 01 78 18

Telefax 35 01 78 23

E-post t.syverud@tinfos.no

Hans H Urdahl

6872 LUSTER

Notodden, den 23 juni 2006

VEDR. VASSRETT TIL GARDANE PÅ SAUDE I RØSETELVA

Viser til brev datert 20.06.2006.

Tor Syverud er for tiden på ferie, men han vil komme tilbake med et svar på Deres brev i uke 29.

Med vennlig hilsen
for Tor Syverud

Liv Olaug Hovde

Liv Olaug Hovde
kontormedarbeider

Kopi: Gøril Elsebè Urdahl, 6872 LUSTER
Olga Ellingseth, 6872 LUSTER

Hans H Urdahl
Saude
6872 LUSTER

4.12.2006

TINFOS AS
v/Direktør Tor Syverud
OH Holtasgate 21
3678 NOTODDEN

**VASSRETTE TIL GARDANE PÅ SAUDE I RØSETELVA
(HARASTØLEN)**

Eg viser til vårt brev datert 20.6.06 og Dykkar brev datert 23.6.06, der De lova oss svar i veke 29.

Er det ikkje no på tide å besvara vårt brev?

Gardane på Saude er avhengige av vatnet frå elva i sommarhalvåret. Vi krev at vassretten som gardane på Saude har hatt i Røsetelva sidan 1869, ikkje blir tørrlagd grunna Dykkar småkraftutbygging.

Dersom me ikkje får eit positivt svar innen kort tid, kjem me å senda saka over til advokat.

Med helsing



Hans H Urdahl

Vedlegg
Kopi av brev.

Hans H Urdahl

6872 LUSTER

Rekt årstall 2007

Notodden, den 31. januar 2006

VEDR. VASSRETT TIL GARDANE PÅ SAUDE I RØSETELVA

Viser til brev datert 20.06.2006 og senere purring på svar fra Harastølen AS.

Harastølen AS besitter vassrettigheter i vassdraget fra Hellesetvannet til nedre eiendomsgrense på Harastølen. Disse rettighetighetene er utformet slik at de ikke skal være til hinder for at gårdene på Saude også får vann. Dette innebærer imidlertid ingen rett for eierne av disse gårdene å gjøre inngrep i elva.

Harastølen AS har inngått avtale med Luster Energiverk om felles utbygging av kraftverk fra Røsseseter og ned til Lustrafjorden. Det er Magnus Snøtun som håndterer arbeidet med utbyggingen på vegne av Luster Energiverk AS og Harastølen AS.

Basert på vårt siste arbeidsmøte med Luster Energiverk kan jeg forsikre om at prosjektet tar vannforsyningen i området høyst alvorlig.

I forbindelse med konsesjonsbehandlingen vil det bli avholdt en høringsrunde der gårdene på Saude kan komme med høringsuttalelser. Vi oppmoder herved om at retten til uttale blir brukt, og at dere ved behov for ytterligere informasjon kontakter Magnus Snøtun direkte.

Med vennlig hilsen



Tor Syverud
Styreleder Harastølen AS

Kopi: Gøril Elsebè Urdahl, 6872 LUSTER
Olga Ellingseth, 6872 LUSTER
Magnus Snøtun, Luster Energiverk

Hans H Urdahl
Saude
6872 Luster

7.2.2007

LUSTER ENERGIVERK
V/Magnus Snøtun

6868 GAUPNE

VASSRETTE TIL GARDANE PÅ SAUDE I RØSETELVA (Harastølen)

Eg viser til brev frå Harastølen AS v/ styreleiar Tor Syverud datert 31.1.2007 og våre brev til Harastølen AS datert 20.6.2006 og 4.12.2006. Eg legg ved kopi av breva våre og eit kart over kor Sausveita ligg i terrenget. Det er også merkt av på kartet kor plastslangen ligg .

Litt historie:

Eg torer å påstå at Saude er ein av dei tørraste plassane i Sogn. Det er berre dei mest nedbørsrike åra me kan vera sjølvforsynte med vatn. For å bøta på vassmangelen vart i **1869** inngått avtaler med grunneigarane mellom Saude og Røsetelva som gjaldt erstatning for grunn til byggjing av ei vassveit. Det vart også betalt engangs erstatning for vatn til Ole Fuhr (1814-1884) som då var eigar av "For" inklusive Harastølen. Veita som er på ca. 3 km vart bygd på same tid som avtalen vart inngått og blir kalla "Sausveiti".

Då St. Jørgens Hospital starta utbygginga av Harastølen ved årshundreskiftet, vart Sausveita liggjande rett gjennom tunet. Det skal då ha vorte inngått ein avtale mellom grunneigarane på Saude og St. Jørgens Hospital om at St. Jørgens Hospital kunne leggja veita i røyr gjennom tunet, og dei skulle også ha vedlikehaldet av røyra.



Bilde viser den gamle trerøyra som ligg mellom tunet på Harastølen og Røsetelva.

I etterkrigsåra vart det mindre med folk på gardane, og vedlikehaldet av bl. a. Sausveita vart ikkje så god som før. Dette førte til at vasstapet i veita vart stort. I 1969 kjøpte brukarane på Saude ein plastslange som dei la i Sausveita. Utearbeidarane på Harastølen gjorde 2 forsøk på å trekka plastslangen gjennom røyrene i tune på Harastølen. Dei lukkast ikkje og konkluderte med at røyrene måtte ha gått i stykker. På 1970- talet vart det gjeve løyve til å leggja

plastslange frå Krekaflaten for å ta vatn i Røseteelva. Dette har fungert fint heilt fram til at det kom nye eigarar på Harastølen.

Det første som skjedde var at 50-60 meter av plastslangen vart øydelagd då dei hogg tømmer ovanfor Søsterheimen. Me kjøpte ny slange og skøyte den saman att. Seinsommaren 1999 vart slangen kutta, bøygd tilbake og bunden fast i eit tre. Eg kontakta då Richard Hilde som skulle vera sjef (lokal kontaktperson) for Harastølen. Hilde beklaga det som hadde skjedd, og lova at slangen skulle bli kobla saman att innan 3-4 dagar.



Bilde av vassslangen vår som var dregen saman, bøygd og festa til eit tre.

Hilde lova at me skulle bli innkalla til eit møte vinteren 1999/2000. Me vart ikkje innkalla til møte og slangen vart ikkje skøytt samman att.

Slangen vart først skøytt saman att hausten 2001. Då var det Egil O. Laastad som var styreformann. Han brukte mange fine ord om kor viktig det var for dei å ha "gode forhold til naboene i området". Han lova at me skulle ha eit møte om vassretten vår i Røseteelva, og dette skulle gå so fint so. Eg kom med fleire forslag på tid til møte, men det passa aldri for han. Slik gjekk det fram til årsskiftet 2002/2003, då var Laastad ute av styre på Harastølen AS. Etter den tid fekk me ikkje svar på telefon eller brev me sende til Harastølen AS.

Kva verdi har ein vassrett når elva er tørr store deler av sommaren?



Men våren 2006 hørde me i radioen at Tinfos A/S var nye eigarar av Harastølen, og at dei skulle ha møte med kommunen. Eg tok då straks kontakt med ordførar Torodd Urnes og ba han stilla spørsmål om dei gamle vassrettane i Røsetelva til styreleiar Tor Syverud. Tor Syverud hadde svara på dette at dei kjende til at det fanst gamle vassrettar i Røseteelva, og at dei alltid tok omsyn til slike rettar ved kraftutbygging.

20.6.2006 sendte me brev til TINFOS AS og ba om ei orientering om kva dei hadde tenkt å gjera med vår vassrett i Røseteelva. I nytt brev den 4.12.06 etterlyste me svar.

På nyåret 2007 skaffa me oss ein advokat som skal hjelpa oss vidare, og om nødvendig ta denne saka inn for ein domstol.

Omsider kom brev, datert 31.01.07 frå Harastølen AS. I brevet ber Tor Syverud oss venda oss til dykk angående spørsmål om våre vassrettar i Røsetelva.

Me ber om svar på desse spørsmåla:

Er det no snakk om ei heilt ny kraftutbygging ?

Kvar er inntaket, og blir heile elva tørrlagd ?

Skal det haldast høyringsrunde, og når er tidsfristen for den ?

Kva har de tenkt å gjera med vassretten til Saude i Røseteelva ?

Me skal ha møte med advokaten i slutten av februar, det hadde vore fint om me kunne ha fått skriftleg svar frå dykk før den 24. februar.

Me vil krevja at me i fremtida får like god tilgang på vatn som me hadde før kraftutbygginga byrja på Harastølen.

Me vil også ha ein avtale med Harastølen AS om kvar slangen skal liggja.

Med helsing



Hans H Urdahl

Kopi av brev og kart sendt til:

Harastølen AS

Gøril Elsebe Urdahl, Luster

Olga Ellingseth, Luster

LUSTER ENERGIVERK AS

Vår sakshandsamar
Magnus Snotun

Vår dato
01.03.2007
Arkiv ref.
513

Vår referanse
Magnus Snotun
Dyktar referanse

Sogn advokatkontor Halvor Thurn-Basberg
Postboks 166
6851 SOGNDAL

Vedr. vassrettar til gardane på Saude i Røseteelva

Visar til brev frå Hans Urdahl med vedlegg til Luster Energiverk AS (LE) v/Magnus Snotun datert 07.02.2007.

Svar på spørsmål stila i overnemnd brev:

1. *Er det snakk om ei heilt ny kraftutbygging?*
Harastølen AS og LE har inngått ein intensjonsavtale om å utgreie/planlegge eit felles kraftanlegg i Dosjagrovi. Ein skal bruke same elvestrekning som tidlegare har vore utbygd (inntak kote 744 og kraftstasjon ved fjorden (kote3)) og ein skal i størst mogleg grad nytte eksisterande inntak og røyrगतofrase. Dimensjoneringa av anlegget vil vere i samsvar med dei nye planane (kring 5 MW installasjon og 600 mm røyr).
2. *Kvår er inntaket og blir heile elva tørrlagd?*
Som nemnd over vert inntaket der det er i dag. Prosjektet er planlagt med slepping av minstevassføring gjennom heile året og det eksisterande magasinet på Hellesetvatnet vil vere med å sikre jamnare tilsig gjennom året.
3. *Skal det haldast høyringsrunde, og når er tidsfristen for den?*
Konsesjonssøknaden er ennå ikkje sendt inn til NVE, og dei bestemmer høyringsperioden når dei har motekesøknaden. Det er ein standard prosedyre for det med blant anna annonsering i lokalavisa. LE vil gje beskjed til adressaten når me får kjennskap til desse datoane.
4. *Kvår har de tenkt å gjere med vassretten til Saude i Røseteelva?*
Den planlagde vasskraftutbygging skal ikkje hindre vassføring til Saude (jf. brev frå Syverud datert 31.01.2007). Tvert i mot har ein moglegheit med utbygginga å lage eit permanent og tilfredstillande vassinntak for gardane på Saude. I dette ligg og ein avtale med Harastølen AS om kvår slengen skal ligge. Med eksisterande magasineringa i Hellesetvatnet burde det ligge til rette for sikrere tilsig til elva og dermed tilgongen til vass for gardane på Saude og.

Med helsing
Luster Energiverk AS

Magnus Snotun
Magnus Snotun

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Bankkonto
Luster Energiverk AS		57682900	57682920	3785.05.50063